

Radøy kommune
v/ rådmannen
Radøyvegen 1690
5936 Manger

Manger 20/1 2019

Musikkrådet sitt innspel til bruk av rådhuset etter 1/1 2020

Musikkrådet viser til moglegheitstudiet Rådhuset og Prestegarden og samtalar med arkitektar i samband med bruk av rådhuset etter 1/1 2020.

Musikkrådet vil spele inn at musikkørsla i Radøy treng betre rammevilkår til øving og halde konsertar.

Mogleheitsstudiet har belyst eit par moglege samarbeidsarenaer som kan styrke og betre musikkørsla sine vilkår og betre samarbeidet mellom tenestene i kommune og det frivillige musikklivet.

Musikkrådet vil understreke at det er viktig å ha godt samarbeid for å utvikle musikklivet og arbeid med born og unge i Radøy kommune.

Det trengs øvingsrom og kulturhus utanom kyrkjene. Studiet peikar på moglegheit til å få eit slikt hus sentralt på Radøy. Dette er ein moglegheit som opnar opp for sambruk av lokale. Ein arena der Musikk og kulturskulen kan enklare samarbeida med resten av musikklivet. Korpsa kan få gode øvingslokale, som dei verkeleg treng, og som vil redusere presset på å dela lokale med skulane. Lokale som skulane bruker til fysisk aktivitet. Skulane får betre plass til aktivitetar og lagring av skulen sitt utstyr.

Ei slik løysing som moglegheitsstudiet beskriv er ei god løysing for korpsa og musikkskulen slik vi ser det.

Vi tenker at samlokalisering og aktivitet i bygget på Manger saman med musikkskule og andre kulturaktivitetar som kan berike sentrum og sikre aktivitet dag, kveld og helg.

Dersom bygget også kan nyttast til konsertaktivitetar så vil det bli eit nav i kulturaktiviteter i Manger sentrum jf. informasjon frå møte med ordførar.

Dette vil sikre aktivitet i Manger sentrum også etter at Alver kommune har sentralisert administrative oppgåver og stillingar til Knarvik, slik normale prosessar og krefter i organisering vil kunne føre til.

Radøy musikkråd

Eit bygg brukt av fleire aktørar både kommunale og frivillige vil styrke kvarandre sine posisjonar og berike kvarandre sine aktivitetar.

Korpsa og musikkskulen kan ha sambruk av kommunestyresalen Det vil kanskje være det tiltaket som vil vende MML tilbake til Manger og kunne være med å sikre korpsa sin aktivitet og feste i Radøy vidare. Dette vil auke samarbeid og samhörighet mellom skulekorpsa og vaksenkorpsa.

Musikkrådet meiner at rådmannen bør arbeide for å få brukt kommunestyresalen som øvingsrom for musikkskule og korpsa i Radøy . Det kan føre til betra undervisning for slagverkselevar som kan dele på utstyr med korpsa. Korpsa sine slagverkarar får øvingsmoglegheiter og kan øve på instrumenta utan å først måtte rigge opp store instrument ut frå tronge lager.

Dersom det er mogleg å få til lagring av notearkiv og utstyr, vil korpsa kunne ha mykje av sin aktivitet knytt til huset og føre til lys og aktivitet i huset .

Musikkrådet meiner at ein må arbeide for at kinosal og ev endringar av bygget blir slik at det går an å gjennomføre konsertar i mindre skala for kulturaktørar og korps i Kinosalen eller i andre deler av bygget.

Kan det være mogleg å ha eit bandrom ferdig «rigga» i kjellaren rådhuset eller i tilknytning til ungdomsklubben?

Proessen med bruken av rådhuset bør være klar så tidleg som mogleg. Når Alver er etablert må Alver som "verdast beste korpskommune" kunne tilby gode øvingslokale til ALLE dei gode brassbanda i kommunen. Slik det er no vil nok dei som øver i musikkhuset i Knarvik ha svært gode forhold medan alle andre har eit mykje dårlegare tilbod som fører til at det er tungvindt å ha aktivitetar på Radøy . Manger musikklag og andre vil då kanskje ha mykje av aktiviteten utanfor Radøyområdet. Det vil være eit stort tap for Radøy.

For musikkrådet



Rut A Kongevold

leiar

Kopi til ordførar Jon Askeland